



**Referanser:**

**Arkivsak:** 17/04879-39

**Saksdokumenter:**

KR 85.1/21 Val av eksternrevisor

## Val av ekstern revisor

### Samandrag

Kyrkjemøtet skal velje revisor for rettssubjektet Den norske kyrkja. Etter *Regler for Den norske kirkes kontrollutvalg* § 4 er det kontrollutvalet som innstiller til Kyrkjemøtet i denne saka.

Kyrkjerådet førebur saker for Kyrkjemøtet og står derfor som oppdragsgjevar for å hente inn tilbud om revisortenester for rettssubjektet.

Tilboda er henta inn i tråd med med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del L. Avtalen gjeld for to år (2021 og 2022) med opsjon på ytterlegare to år (2023 og 2024). Anskaffinga gjeld revisjon av årsrekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja. Dette består av balanse, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret, og forklaring (beskriving) av dei vesentlege anvendte prinsippa for rekneskapen og andre noteopplysningar.

Den økonomiske ramma for oppdraget er anslått til å ligge under 1,3 mill. kroner for dei fire åra i perioden.

Kyrkjerådet anbefalte til Kontrollutvalet at ein vel EY som revisor.

Kontrollutvalet innstilte på møtet 2. september på at Kyrkjemøtet gjer vedtak om å velje EY som revisor for perioden 2021-2022, med opsjon for åra 2023-2024.

### Framlegg til vedtak

Kontrollutvalet for Den norske kyrkja innstiller for Kyrkjemøtet å gjere følgjande vedtak:

Kyrkjemøtet vel EY som revisor for rettssubjektet Den norske kyrkja for 2021-2022, med opsjon for åra 2023-2024.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Kyrkjemøtet er det øvste organet for trussamfunnet Den norske kyrkja, og skal velje revisor for rettssubjektet Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet har fastsett budsjettreglementet, og i § 10, 3. ledd er det regulert at «Kirkerådets direktør utarbeider et samlet årsregnskap for Den norske kirke. Regnskapet fastsettes og godkjennes av Kirkerådet og legges frem for Kirkemøtet til orientering».

Rekneskapslova gjeld for rekneskapen til rettssubjektet Den norske kyrkje (ref. §14 i Lov om Tros- og livssynssamfunn av 01.01.2021). Det er Kyrkjerådet som formelt godkjenn og fastset årrekneskapen.

I tillegg til revisjon av årrekneskapen ved ekstern revisor, er det for rettssubjektet Den norske kyrkja etablert eit system for kontroll i verksemda med mellom anna eit kontrollutval med eige mandat frå Kyrkjemøtet. Kontrollutvalet har ei rolle i avlegging av rekneskapen, og skal inn i prosessen etter at forslag til årsberetning, rekneskap og førebels revisjonsberetning eller liknande ligg føre, og før rekneskapen blir fastsett og godkjent av Kyrkjerådet. Revisor gjev si endelege revisjonsberetning etter dette.

Kyrkjerådet har etablert internrevisjon. Internrevisor rapporterer til direktøren, og er i dialog med ekstern revisjon. I tillegg har han eige revisjonsaktivitet etter ein plan fastsett av direktøren. Han gjennomfører òg forvaltningsrevisjon etter bestilling frå kontrollutvalet. Dette gjer dei på oppdrag frå Kyrkjemøtet.

## Anskaffing av revisortenester

Sidan det er Kyrkjerådet som førebuer saker til Kyrkjemøtet, har Kyrkjerådet lagt til rette for Kyrkjemøtets val av ekstern revisor. Tilboda er henta inn i tråd med med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del L. Kontraktens varigheit er to år (2021 og 2022) med opsjon på ytterlegare to år (2023 og 2024). Anskaffinga gjeld revisjon av årrekneskapen til rettssubjektet Den norske kyrkja. Dette består av balanse, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret, og forklaring av vesentlege anvendte prinsipp for rekneskapen og andre noteopplysningar.

Den økonomiske ramma for oppdraget er anslått å liggje under 1,3 mill. kroner for dei fire åra i perioden.

Revisjonen skal gjennomførast i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Revisors beretning skal stadfeste om rekneskapen er i samsvar med lov og forskrift, og om det gjev eit riktig bilde av den finansielle stillinga til rettssubjektet ved utgangen av året. Samstundes skal ein sjå om resultat og kontantstraum for rekneskapsåret vert avslutta i samsvar med rekneskapslovas regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Tilboda er vurdert med ei vekta vurdering av desse kriteria:

Kriterium	Dokumentasjon	Vekting
Honorar	Oppgitt årlig honorar ekskl. mva	35%
Kapasitet og kompetanse	Tentativ tidsplan og personell	35%
Erfaring fra liknende virksomhet	Beskrivelse av tilsvarende oppdrag de siste 2 år	15%
Revisjonsutføring	Autorisasjon nøkkelpersonell	15%

Kyrkerådet innbydde PWC, Deloitte, BDO og EY til å kome med tilbud. Av desse leverte alle utanom PWC tilbud. Dei innsendte tilboda hadde ein gjennomgåande høg kvalitet, og etter ein samla vurdering meiner kontrollutvalet at EY har levert det mest fordelaktige tilbudet og er den kandidaten ein vil velje.

Kontrollutvalet har på sitt møte 2. september handsama saka og innstilt på at Kyrkjemøtet gjer vedtak om å velje EY som revisor for perioden 2021-2022, med opsjon for åra 2023-2024.

### Økonomiske/administrative konsekvensar

Den økonomiske ramma for oppdraget er anslått å liggje under 1,3 mill. kroner for fireårsperioden (2021-2024).

Sidan Kyrkjemøtet i år er så seint på året, vil nokre revisjonsaktivitetar verte igangsett etter Kyrkerådet har fått innstillinga til orientering, men før Kyrkjemøtet har gjort endeleg vedtak.